



Tid:
24. august 2022 klokka 18-20

Stad:
**Kantina i
Autogården**

Til stede:
Bergen vann v/Hildegunn Kvåle
Plan- og bygningsetaten, Byplan v/Karen Høstmark og Aslaug Aalen
Bymiljøetaten, Gjennomføringsavdelinga v/Karoline Kalstveit og Anne-
Kathrine Vabø
BIR INFRASTRUKTUR AS v/Carl Fredrik Nødtvedt
MULTICONSULT NORGE AS v/Åsta Midtbø

Ca 45 eksterne deltakarar (naboar/berørte partar)

Referat - informasjonsmøte gatebruksplan og detaljprosjekt Nygårdshøyden sør

Møtet tok stad i kantina i Autogården, Johannes Bruns gate 3, i Plan- og bygningsetaten og Bymiljøetaten sine lokalar. Om lag 45 naboar møtte, enkelte gjekk undervegs i møtet.

Under møtet kom det inn mange spørsmål om parkering. Det er i dag stor overdekning av parkering i boligsona, sjå Bymiljøetaten sin presentasjon. Siste sju år har talet på boligsoneløyver på Nygårdshøyden gått ned med 30%. Ved lik nedgang neste sju år, vil det ikkje bli underdekning, sjølv etter utbygginga. Det vil i tillegg tilretteleggast for bildelingstenester, noko som ytterlegare kan redusera talet på bilar i sona.

1. Innleiing ved Aslaug Aalen, avdelingsleiar Byplan, Plan- og bygningsetaten

Aalen snakka om overordna planar, og korleis gatebruksplanen som nå er på høyring er ei konkretisering av politikk og desse planane. Bystyret har bede Plan- og bygningsetaten og Bymiljøetaten om å spesielt vurdera bilfrie område på Nygårdshøyden.

Aalen informerte om at alle kan koma med innspel innan høyringsfristen den 20. september, men at skjemaet på Bergen kommune sine sider ikkje virkar Innspel på derfor sender på e-post eller brevpost.

2. Presentasjon av gatebruksplanen ved Karen Høstmark, Byplan, Plan- og bygningsetaten

Prosjektleiar Karen Høstmark presenterte gatebruksplanen.

Etter presentasjonen kom det spørsmål frå salen som gjaldt reglar for gatetun, sykkelgate i Strømgaten, køyremønster og parkering. Det kom òg inn kommentarar om el-sparkesyklar og fartsregulering i Nygårdsgaten.

3. Presentasjon av bossnett-prosjektet ved Carl Fredrik Nødtvedt, BIR

Nødtvedt presenterte bossnettet sine tekniske løysingar, planar for Nygårdshøyden og arbeidet til Graveklubben.

Det kom inn spørsmål om prismetall og Bergen fiber si fiberutbygging.

4. Presentasjon av detaljprosjektering ved Karoline Kalstveit, Bymiljøetaten og Hildegunn Kvåle i Bergen vann

Bymiljøetaten presenterte detaljprosjektet med planar om gatetun i Allegaten og Hans Holmboes gate, overvannshåndtering og sykkelfelt i Strømgaten, og opprusting av gatetunet i Fredrik Meltzers gate. Det blei vist teikningar og skisser, samt statistikk

som gjeld boligsoneparkering. Det kom inn spørsmål om drift av gatene etter utbygging (vinterdrift og rensking av løv) og spørsmål om parkering.

Karen Høstmark – Prosjektleder gatebruksplanen
Karoline Kalstveit – Prosjektleder detaljprosjektet